# Strilelandet, vilt og vakkert.

## Coastal country – wild and wonderful.




**Lindås** er ein fjord- og kystkommune. Gjennom idylliske Alverstraumen ut mot Feste - sommaridyllen for båtfolket - er du på veg til Lygra, der det kulturhistoriske og kunnskapsbaserte Lyngheisenteret opnar. Bøkeskogen, den nordlegaste, viltveksande bøkeskogen i verda, gjev deg eksotisk og spanande vandring. Folketal: Om lag 12.000.

**Lindås** is a fjord and coastal municipality. Pass through the picturesque Alverstraumen sound towards Feste - the ideal summer haven for boating tourists - en route to the Heather Moorland Center at Lygra where cultural history will be kept alive and communicated. You can go for an exciting stroll in the world's northern-most beech wood, which has existed sinde the Viking Age. Population: Around 12.000.

**Masfjorden** med storslått og vekslande natur. 1000 meter høge fjell stuper stolt ned i fjordarmane og møter dei idylliske sunda lenger ute. Med utgangspunkt i Stordalen, legg du opp til turar i velkjente Stølsheimen. Prøv gjerne fiskelukka i dei blanke fjellvatna. Masfjorden er kjent for godt innlandsfiske. Folketal: Om lag 1860.

**Masfjorden** has a varied and beautiful landscape. From the idyllic sounds furthest out you can enter the fjord arms where the mountains rise to a towering 1000 metres above the fjord. From Stordalen you can go hiking in the famous Stølsheimen mountains. Try your luck at fishing in the bright mountain lakes. Masfjorden is famous for its good inland fishing. Population: Around 1.860.



### Avstander/Distances:

| | |
|---|---|
| Bergen - Knarvik | 22 km |
| Knarvik - Matre | 58 km |
| Matre - Sløvåg | 42 km |
| Sløvåg - Leirvåg, ferje | 25 min. |
| Leirvåg - Knarvik | 43 km |

## Reiserute

Frå Bergen køyrer ein nordover på E39, ca 20 km over Nordhordlandsbrua **(1)** - som går frå Salhus over til Flatøy - og vidare til Knarvik.

Frå regionsenteret Knarvik **(2)** følgjer ein fortsatt E39 langs Osterfjorden **(3)**, forbi større og mindre tettstader som Hillesvåg **(4)**, Eikangervåg, Ostereidet og Vikanes **(5)**.

Ved Romarheim følgjer ein E39 over fjellet og kjem gjennom ny tunnel ned til Masfjorden og Matre **(6)**. Ein kan óg velje å køyre «gamlevegen» forbi Haukeland, Kjetland og Tverberg i staden for å ta vegen gjennom tunnelen. Sjå Fottur 52B.

Om lag 10 km. nord for Matre svingar ein av E39 mot Sløvåg og Duesund. Her går vegen vestover langs Masfjorden og like før Hosteland kjem ein inn på Rv57 som ein følgjer forbi Risnes **(7)** til Sløvåg.

## Route

Head north from Bergen on the E39. After about 20 km you cross the Nordhordland Bridge (**1**) from Salhus to Flatøy. Continue to Knarvik.

From Knarvik (**2**), the centre of the district, keep on the E39 alongside the Osterfjord (**3**), passing larger and smaller villages such as Hillesvåg (**4**), Eikangervåg, Ostereidet and Vikanes (**5**).

From Romarheim, take the E39 through the mountains and descend via the new tunnel to the Masfjord and Matre (**6**). Alternatively you can take the old road past Haukeland, Kjetland and Tverberg instead of the tunnel (see Walk 52B).

About 10 km north of Matre, turn off the E39 towards Sløvåg and Duesund. The road here heads west alongside the Masfjord. Just before Hosteland, turn onto Rv57 and continue past Risnes (**7**) to Sløvåg.
From Sløvåg, the ferry across the Fensfjord takes you to Leirvåg in Lindås district. From the ferry you can see the Mongstad oil refinery (**8**).

From the ferry terminal at Leirvåg, head south on Rv57 across the Lindås peninsula, passing Lindås (**9**), Vågseidet, Seim (**10**) and Isdalstø (**11**). This brings you back to Knarvik and the E39 to Bergen.

Frå Sløvåg går ferja over Fensfjorden til Leirvåg i Lindås kommune. Frå ferja kan ein sjå Oljeraffineriet på Mongstad (**8**).

Frå ferjeleiet i Leirvåg køyrer ein på Rv 57 sørover Lindåshalvøya, forbi Lindås (**9**), Vågseidet, Seim (**10**), og Isdalstø (**11**). Ein kjem så attende til Knarvik og følgjer E39 attende til Bergen.

## Stader og ymse av interesse:

Dette bør du merka deg på di reise i Nordhordland:
*Sjøbuene og handelsstadene.* Ver på utkikk etter dei mange vakre sjøbuene. Du fer forbi gamle handelsstader og dampskipskaiar. Legg også merke til dei mange fine naustmiljøa.
*Singel og sand.* Du kan fleire stader sjå såra etter sandgruvene i landskapet. Det vert sagt at strilane bygde Bergen, og det med singel og sand frå Osterfjorden og Masfjorden.
*Stein og brake.* Legg merke til byggekunsten på strilelandet. Steingavler i hus og løer og naust av stein. Steingardar og terassemurar. Enno finst her brakeløer, hus som er kledde med einer i gavlane.

**(1) Nordhordlandsbrua**
Verdas lengste flytebru er 1610 m lang. Her er det utvist stor design- og ingeniørkunst i plan- og byggefasen av brua.

**(2) Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjonen**
Følg skiltinga til Turistinformasjonen i Knarvik. Hjarteleg velkommen innom om du ynskjer meir informasjon om Nordhordland! Knarvik Senter ligg like ved Turistinformasjonen. I Knarvik finn du også Sveins Grill for hurtig matservering.

**(3) Osterfjorden**
Dette er ein av dei vakraste fjordane på Vestlandet og den nærmaste fjorden til Bergen. Dette flotte fjordlandskapet omkransar den største innlandsøya i Norge, Osterøy.

**(4) Hillesvåg Ullvarefabrikk**
Fabrikken finn du ved å ta av Rv1 mot Hillesvåg, 8 km etter Knarvik. Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein av dei eldste produksjonsbedriftene i Lindås. Fabrikkutsal av handarbeidsgarn.

**(5) Vikanes**
Vike Kapell - Vegkyrkja ligg like ved Rv1 på Vikanes. Kyrkja er ope for reisande i sommarsesongen. I Borgstova like ved kyrkja er det ei utstilling som syner korleis ei bondestove såg ut for 50-100 år sidan.

**(6) Bjørn West Muséet**
Frå Matre; følg skiltinga til Bjørn West Muséet. Historia om Bjørn West, ein geriljabase som vart etablert i fjellområda rundt Matre dei siste seks månadene av 2. verdskrig, er dramatisk, interessant og spennande norsk krigshistorie. Ved hjelp av gode guidar, bilete og biletspel får ein innblikk i avdelinga sin kvardag og ei lita bygd i krig.

**(7) Kafé Knuten**
På Risnes, like ved kaien.Sving av vegen mot Sleire og følg vegen til kaien. Legg merke til den idylliske skjergarden ved Hosteland og Risnes. Området her blir kalla Sørlandets skjergard på Vestlandet.

**(8) Statoil Mongstad**
Den store oljeterminalen og raffineriet til Statoil Mongstad er den største industribedrifta i Nordhordland. Her blir olja frakta i land frå Nordsjøen og vidareforedla til ulike produkt.

**(9) Westland Hotel**
På Lindås svingar ein av Rv57 og følgjer skiltinga til Westland Hotel. God restaurant.

**(10) Seim, Håkonshaugen**
I følgje sagatradisjonen vart Håkon den Gode gravlagt på Seim. Gravhaugen - «Håkonshaugen» ligg like sør for Seim kyrkje, ta til høgre i krysset på Seim. Parkering ved kyrkja.

**(11) Isdalsgardane**
Isdalsgardane er eit av dei få klyngjetun som ligg att i Hordalandsbygdene. Dei lange, låge lemstovene kan ein sjå på venstre side av Rv57 like før ein kjem til Isdalstø.
I krysset i Isdalstø er det skilta avkøyring til Garveriet Restaurant. God, maritim restaurant.

## Places of interest and attractions:

Some things to look out for on your visit to Nordhordland:
***Boathouses and trading posts.*** Keep an eye open for the many fine boathouses as you pass old trading posts and steamship quays. Notice also the well-preserved waterfront buildings.

***Gravel and sand.*** In many places you can still see the marks left on the landscape by quarrying. It is said that coastal dwellers built Bergen using gravel and sand from the Osterfjord and Masfjord districts.
***Stone and juniper.*** Look out for the traditional architecture of this coastal region. Stone gables, hay barns and boathouses. Stone walls and terraces. You can still see barns with juniper-covered gables.

**(1) Nordhordland Bridge**
The world's longest pontoon bridge, 1,610 m long. Great engineering and design skills were employed in planning and building the bridge.

**(2) Nordhordland Toursi Board, Tourist Information**
Follow the signs to 'Turistinformasjonen' in Knarvik. Do come in if you need more information on Nordhordland! Knarvik village centre is adjacent. Visit Svein's Grill in Knarvik for quick service.

**(3) The Osterfjord**
One of the loveliest fjords in Western Norway and Bergen's nearest fjord. At the heart of this beautiful fjord landscape lies Osterøy, Norway's largest inland island.

**(4) Hillesvåg Uldvarefabrikk**
You reach this woollen mill by turning off Rv1 towards Hillesvåg, 8 km beyond Knarvik. Hillesvåg Uldvarefabrikk is one of the oldest manufacturing businesses in Lindås district. Factory shop selling woven handicrafts.

**(5) Vikanes**
Vike Chapel, the 'roadside church' beside Rv1 at Vikanes, is open to travellers during the summer season. The Servants' Hall next to the church contains an exhibition showing how country people lived 50–100 years ago.

**(6) Bjørn West Museum**
From Matre, follow the signs to 'Bjørn West Museet'. The story of Bjørn West, a guerrilla base established in the mountains around Matre during the last six months of the Second World War, is a dramatic, exciting and fascinating episode in Norwegian military history. Excellent guides, pictures and interactive displays provide an insight into the daily life of the unit and a small village at war.

**(7) Kafé Knuten**
Café at Risnes, right beside the pier. Turn off towards Sleire and follow the road to the pier. Notice the picturesque skerries off Hosteland and Risnes, which are often compared to those of Southern Norway.

**(8) Statoil Mongstad**
Statoil's big oil terminal and refinery at Mongstad are the largest industrial facility in Nordhordland. North Sea oil comes ashore here and is turned into various products.

**(9) Westland Hotel**
Leave Rv57 at Lindås and follow the signs to Westland Hotel. Good restaurant.

**(10) Seim, Håkonshaugen**
Legend has it that King Håkon the Good lies buried at Seim. The burial mound, 'Håkonshaugen', is just south of Seim church. Turn right at Seim crossroads and park at the church.

**(11) Isdalsgardane**
Isdalsgardane is one of the few remaining traditional villages in Hordaland. The long, low, barn-like buildings are on the left-hand side of Rv57 just before Isdalstø.
At Isdalstø crossroads, a signposted turning leads to Garveriet Restaurant. Good food with a nautical flavour.